Ekstranummer vekte publikum

Vamp på jubileumsturne · Utseld i Kulturhuset · Avslutta på stigande konsertrus

ORIGINAL BESETNING: *Den gamle vokalisten, låtskrivaren og frontfiguren Jan Toft (i raude bukser) er med i høve jubileumsåret. Berre trommisen mangla frå originalbesetninga.*

SOGNDAL: Etter ein god time med introvert musikkglede, vakna publikum etter avslutningsnummeret.

Stående applaus og trampeklapp fekk lokka ringrevane tilbake på scena. Då først tok det verkeleg av.

Jubileum

Vamp er for tida ute på ein omfattande jubileumsturné.

Tjue år har gått sidan dei gav ut sitt første album «Godmorgen søster». Sidan har gruppa vorte ein av Noregs mestseljande artistar.

Vamp sitt konsertprogram denne hausten er imponerande lesnad. Spesielt november har vore travel med 32 konsertar.

Konserten i Kulturhuset var den tredje i Sogndal på under eitt år. Likevel var alle billettane rivne vekk på førehand, noko som vitnar om gruppa si popularitet også her i regionen.

Tung start

Men sjølv om publikum nok koste seg, skulle det ta tid haugesundarane verkeleg fekk opp temperaturen i salen.

Før kveldens siste låt takka vampnestor Øyvind Staveland for konserten på ein måte som både kunne tolkast som eit lite stikk til publikum, eller berre oppriktig takksemd.

– Me byrjar å nærma oss slutten på konserten. Eg har lyst til å takka dykk for at de sat så stille som de gjorde, sa Staveland, og trekte pusten medan ein nervøs latter spreidde seg i salen.

– Og takk for at de klappa så mykje som de gjorde, la han til, liksom for å understreka at det var positivt meint.

Stående applaus

Men derfrå og ut fekk vampane med seg publikum i stigande konsertrus, etter kvart som dei kjende slagerane vart rulla ut.

Då dei første tonane frå «Tirna noir» breidde seg utover salen, gjekk det eit sukk gjennom publikum.

Då «Liten fuggel», ein song som allereie har rukke å verta ein moderne klassikar, fekk æra av å avslutta konserten, var kvelden komplett.

Vamp fekk gå av scena til trampeklapp og stående applaus.

Halvor Farsund Storvik
halvor@sognavis.no

INNLEVING: *Øyvind Staveland og resten av Vamp spelte med rutinert innleving, men konserten i kulturhuset tok verkeleg av* ***først då*** *det eigentleg var over.*

Koste seg på Vamp

SOGNDAL: Aase Flugheim og Irene Navarsete frå Sogndal storkoste seg under konserten.

Begge er store tilhengjarar av Vamp, for Flugheim var det tredje gong på konsert med gruppa.

Futt

– Eg tykte det var kjempebra. Eg er stor fan, seier Flugheim.

Irene Navarsete tykkjer det er bra at nokon syng på dialekt. Ho merka seg at stemninga tok seg opp mot slutten, då dei nyare songane kom.

– Alle sat og venta på dei kjende songane. Eg tykkjer dei blir betre og betre jo nyare dei blir. Det er meir futt i det, seier ho.

Begge tykte «Ein liten fuggel» og «Tirna noir» var blant høgdepunkta.

VAMPFANS: *Aase Flugheim og Irene Navarsete er store tilhengarar av Vamp og storkoste seg under konserten måndag.*